



AMO - SVEISEKURS

Informasjon til nye kursdeltakarar




- Målgruppe** Arbeidssøkjjarar som ønskjer jobb i industrien, og som er over 19 år.
- Kursinnhald** Dette kurset høver både for dei som har aldri har sveist, og for dei som har sveist litt, eller har sveist ein del.
- Kurset gir opplæring i ulike sveisemetodar:
- Rørtrådsveising (136)
 - Elektrodesveising (111)
 - Evt. TIG-sveising (141), etter avtale.
 - Evt. resertifisering/fornyng av utgåtte sertifikat
- Opptakskrav** Kursdeltakar bør kunne godt norsk, både munnleg og skriftleg.
- Omfang** Kurstida for den einskilde varierer alt etter opplæringsmål og evt. forkunnskapar og progresjon. Nokre kursdeltakarar er nybyrjarar og for desse er gjennomsnittleg kurstid er om lag 18 veker. For dei som skal ha TIG-opplæring er kurstida om lag 8 veker. Vidare er det nokon som skal fornye sertifikat, desse er gjerne på kurset ei vekes tid. Det er kursinstruktør i samarbeid med NAV og kandidaten som avgjer kva opplæring du skal ha og lengde på opplæringa.
- Organisering** Kurset har kontinuerleg inntak, dvs. at når nokon er ferdige med opplæringa, kan nye få starte.
- Kurset har 12 kursplassar.
- Kurset går vanlegvis frå januar-juni, og held fram frå august-desember. Det blir undervist 35 timar per veke, kurset startar kl 07.00 kvar dag, og sluttar seinast kl 15.00.
- Kursdeltakar får utdelt alt nødvendig læremateriell og HMS-utstyr.
- Sveisesertifikat** Kursdeltakar får vanlegvis tilbod om eitt sveisesertifikat i løpet av kurset.
- Kursbevis** Kursdeltakar får utdelt kursbevis i etterkant av kurset.
- Kurslokale** Kurset vert arrangert i Kværner sine lokale. Adressa deira er Eldøyane 59, Stord. Kværner har gode parkeringstilhøve, elles er det mogleg å reisa kollektivt.
- Før kursstart**
- Du vil få tilsendt ein e-post frå Kværner med lenkje til eit *tryggleikskurs*. Dette kurset kan takast elektronisk før kursstart, og rekk ein ikkje det, vil ein få moglegheit til å ta kurset første kursdagen.
- Når tryggleikskurset er tatt, vil kurseleven få eit adgangskort til opplæringsavdelinga på Kværner.

Første kursdag

Oppmøte er i bygning 21 på bildet under – Personell registrering/Trade unions, kl 09.00.

Bygningen blir og kalla ankomstsenteret.



Etter at kurset er ferdig

Kurset legg opp til at kursdeltakar skal ha eitt sveisesertifikat ved kursslutt. Dersom kandidaten stryk, kan kandidaten få moglegheit å gå opp til ny prøve, etter avtale med NAV og kursinstruktør.

Sveisesertifikat kan vera inngangsbilletten til ein sveisejobb. I regionen vår finnest det fleire større og mindre bedrifter som treng sveisarar. Kurselevar blir oppmoda om å søkje jobb allereie i kurstida.

Har du behov for innkvartering?

Du kan sjekke ut ledige hyblar og leilegheiter på ulike nettsider, bl.a. :

Finn

www.finn.no

Ådlandtoppen hybelbygg

www.aadlandtoppen.no

Heianegården gjestehus

www.coastapartments.no

Kursarrangør



Stord vgs.
Vestland fylkeskommune

Kontaktperson hos kursarrangør – Anne Grete Bjelland

Underleverandør **KVERNER™**

VELKOMMEN PÅ KURS!